

Høyringsinnspel

Framtidig skulestruktur er noko som opptek mange for tida, inkludert meg sjølv. Høyringa er open og eg ynskjer å bruke stemma mi.

Som ny i eit yrke er ein alltid spent og har mykje å lære. For å føle på meistring har ein behov for tett oppfølging. I motsetnad til mange nyutdanna lærarstudentar var eg heldig.

Praksissjokket gjaldt ikkje meg. Eg fekk jobb på Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter. Eg fekk byrje som faglærer, eg fekk observere og lære.

Kollegiet er lite, men kunnskapen er brei, iveren er stor og hjelpa er alltid nær. Alle gler seg til jobb og sjukefråværet er minimalt. Vi har tilgang på klasserom, grupperom, bibliotek, gymsal, store gangar, eit uteområde med skog, fotballbane, plen, leikeapparat, gapahuk og kortreiste turmål. Tenk så heldige vi er som har så gode føresetnader for å drive lek, læring, fysisk aktivitet og tilrettelegging. Det er rikdom som ikkje kan målast i pengar.

Mange elevar har allereie lang skuleveg. Om skulen blir nedlagt, blir vegen lengre og på "kortdagar" kan elevane måtte risikere å vente til ungdomsskuleelevane er ferdige. Ein time der altså. Om du legg til to timar, som det faktisk vil ta tur-retur for elevane med lengst skuleveg, tilsvarar det tre timar på ein dag. Mykje verdifull tid som dei no brukar saman med familien eller avslapping heime før fritidsaktivitetane på kveldane.

Kva vil skje med matproduksjonen i framtida? Bøndene er få allereie. I grendene er det mange berekraftige bruk. Kven har lyst til å busette seg i grendene med familien sin om det ikkje er eit nærmiljø der for barna? Eg har høyrte om fleire potensielle heimfløttarar, som no revurderer det. Om kommunen skal likne ein by, kan dei jo lik så godt berre fortsetje å bu i byen. Trur ikkje akkurat sentralisering er med på å gi meir gunstige boligprisar for den del.

Babyboom i år. SUBUS er ikkje bygd for at barnetala i kommunen skal haldast stabile eller auke, det er allereie trongt. Med fleire elevar aukar behovet for fleire bilar med skyss til og frå skulen. Må ein da byggje om uteområdet for å sikre trygg trafikk? Litt kjedeleg om 600+ barn må dele på ein fotballbane utan leikeapparat eller? I allefall når ein har fleire skular tilgjengelege i grendene, med god plass.

Eg saknar meir konkrete tal på kva det er å tjene på alt som eventuelt blir teke bort. Er det verdt å setje så mykje på spel for å halde ROBEK unna ei lita stund?

Eg ynskjer at barna, føresette, tilsette, andre innbyggjarar og framtidige heimfløttarar ikkje lenger skal føle seg som brikker i eit spel i noko som følest forhasta, og at kommunen får stabla seg på beina utan at det psykososiale miljøet, bolysta og matproduksjonen skal bli så hardt ramma. "Vend i tide, det er inga skam å snu".

-Maren Halgunset